



Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Regionalt Bygdeutviklingsprogram for Sogn og Fjordane 2013-2016 - høyringsvar

Sogn regionråd er samarbeidsorgan for kommunane Aurland, Balestrand, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal. Sogn regionråd meiner at bygdeutviklingsprogrammet har gode ambisjonar som «ingen» vil vere motstandar av, - men at det er litt vagt på konkrete tiltak.

Regionalt næringsprogram:

- Det er viktig at ordningar , t.d. BU-midlar kjem små bruk til gode. Alle virkemiddel må tilpassast små einingar. Små driftseiningar er svært viktige for å ta vare på og vidareutvikle landbruket i Sogn og Fjordane og levande bygdesamfunn. Mange ordningar innafor t.d. Innovasjon Norge er lite hensiktsmessige t.d. investeringstilskot til frukt og juletre som krev større satsingar enn mange aktive bønder på små bruk har høve til. Krava er tilpassa mykje større bruk enn vi har i Sogn og Fjordane og/eller entreprenørverksemd. Det må vere mogeleg å få støtte til tiltak som står i forhold til garden sine mogelegheiter og bonden sitt investeringsønske.
- Det må satsast meir på verdiane i skogen. Det er trong for auka skogkompetanse i kommunane i Indre Sogn for å legge til rette for auka skogsdrift i regionen. I samband med hogst er det viktig at det skjer overordna oppfølging for at forynging/planting vert gjennomført.
- Det er ønskjeleg å leggje til rette for og støtte samarbeid over kommunegrensene for å få til ei varig og viktig næring med «Inn på tunet» for bonden og lokalsamfunnet.
- «Bu-lyst-prosjektet i Luster» – at folk må bu i alle hus- må vere eit satsingsområde for heile Sogn og Fjordane, og er eit viktig bygdeutviklingstiltak.
- Det er viktig å legge til rette for gode måtar å auke kunnskapen blant yrkesutøvarane, særleg med tanke på at mange som vil ta over gardar har vald ein annan utdanning og yrke som kjem ved sida av / i tillegg til gardsdrift. Dei må ta landbruksutdanning «på si» når dei tek over garden.

Regionalt miljøprogram:

- Har gode ordningar som gjerne kan halde fram, særleg er ordningane knytta til bratt areal og organisert beitebruk viktige.
- Det er viktig å støtte tiltak for å ta vare på slåtte – og beitemarker med stort biologisk mangfald. Her er det trong for ekstra midlar som kan og vil gjere ein innsats for denne naturtypen.
- Det kan vere hensiktsmessig å involvere alle kommunar i ordninga med miljøvenleg gjødselspreiing.

Regionalt klimaprogram:

- Det er viktig at det vert jobba for å gjere tilpassingar i landbruket, meir grøfting , betre driftsvegar, lettare maskinar og utstyr m.m. som kan gjere det greitt å drive landbruk i eit endra klima.
- Vi må arbeide vidare med FOU og tiltak slik at landbruket ikkje bidreg meir enn det som er nødvendig til klimaendring.

Med helsing

Noralv Distad
leiar i Sogn regionråd
(sign)

Karina Nerland
dagleg leiar
(sign)